



Arkivnr: 2017/2434-1
Saksbehandlar: Marta Rongved Dixon

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		

Utvikling av Odda med utgangspunkt i Trolltungaturismen

Samandrag

I dei seinare åra har talet på tilreisande som kjem til Odda for å gå turen til Trolltunga, auka sterkt. Frå 1000 besøkande i 2009 var det i 2016 omlag 85.000 personar som tok heile eller delar av turen. Denne trafikken har årsaka ein del utfordringar når det gjeld tema som tryggleik, slitasje på natur, forsøpling osv. Samstundes betyr og trafikken ein unik sjanse for Oddasamfunnet i form av ringverknader frå besøket. Hotellovernatting, bevertning, varekjøp og kjøp av andre aktivitetar og opplevingar representerer eit nytt næringspotensiale for Odda, men ikkje minst er straumen av besøkande eit springbrett for utviklinga av Odda som regionsenter og for heile Hardanger. Odda kommune tar fatt i muligheita som ligg i denne trafikken, og ynskjer å danne ein organisasjon med hovudføre mål å utvikle Oddasamfunnet. Til dette arbeidet har Odda kommune v/Avdeling for samfunnsutvikling søkt om støtte til prosjektet «Totalpakke Reiseliv» frå Hordaland fylkeskommune frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH). Næringsseksjonen har løyvd midlar til år 1 i prosjektet, men ynskjer at det blir gjort ei avklaring i Odda i tilhøvet mellom kommunen og Statkraft når det gjeld bruken av område som er sentrale for Trolltunga-trafikken. Desse areala, og inntekta dei genererer er avgjerande for muligheita for inntening t.d. gjennom parkering. Forvaltninga av HNH ligg til Fylkesutvalet, og er ut frå rammevedtak er enkeltvedtak på tideling delegert til fylkesrådmannen. Bakgrunn for at denne saka vert fremma til KIRU, er utvalet sitt ansvar for heilskapleg regional utvikling.

Forslag til vedtak

1. KIRU støttar Odda kommune sitt arbeid med å finne gode langsiktige avtalar som sikrar at finansiering frå parkeringsplassen i Skjeggedal til fulle kan nyttast til å sikre berekraftig bruk av naturen i Trolltungaområdet og i reisemål Odda.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.03.2017Bakgrunn:

Trolltunga og fjellområda rundt er blitt eit ikoniske landemerke som tiltrekkjer seg besøk frå heile varda. Talet på turistar som kjem til Odda for å ta del i desse opplevingane har auka sterkt, og er venta å halde fram med å auke. Området mellom Skjeggedal og Trolltunga er i aukande grad prega av slitasje og det oppstår også utfordringar knytt til forsøpling. Dette har ført til at Odda kommune i seinare år har lagt inn store ressursar for å vedlikehalde stiar og landskap, hente søppel og drive informasjons- og tryggingarbeid.

I 2016 var det 40 redningsaksjonar i området, ei sterk auke frå året før. Dei fleste av desse var reine «henteaksjonar» der den naudlidne var i stand til å gå tilbake sjølv etter hjelp med mat og varme. Aksjonane utgjer ei betydeleg utfordring for det frivillige hjelpekorpsset. Etter som fleire tar turen også utanfor sommarsesongen, aukar risikoen for skade og trong for hjelp. Det er likevel viktig å huske på at dei som treng hjelp utgjer omlag 4 promille av dei som tar turen. Samstundes representerer dei omlag 85.000 personane som kom til Odda i 2016 på grunn av Trolltunga ein unik muligheit for Odda som nærings- og samfunnsaktør. Ringverknadane frå overnatting, servering, varekjøp og kjøp av alternative opplevingar og aktivitetar er omfattande og potensialet for å vidareutvikle dette er stort.

Skal ein kunne gjere seg nytte av denne muligheita er det naudsynt å leggje til rette for auka kapasitet for overnatting, betre tilrettelegging av logistikk som transport, informasjon og fellesgode, og å etablere fleire næringsaktørar som kan tilby alternative aktivitetar. Slike aktivitetar kan både lette trykket på sjølve Trolltunga-området, være eit alternativ i høve til dårleg vær eller for turistar som ikkje er fysisk i stand til å nå Trolltunga og dei kan føre til at gjestar forlengjer opphaldet sitt i Odda og Hardanger.

Det er gratis å gå i fjellet i Noreg, men tilrettelegging for at dette skal kunne skje på ein god og trygg måte har ein kostnad. Den beste måten å skaffe finansiering til å leggje til rette for slik vidareutvikling er gjennom parkering knytt til utgangspunktet for turen, som her er i Skjeggedal. Preikestolen hadde i 2016 omlag 275.000 besøkande. Også her dannar inntektene som blir generert gjennom parkeringsavgift ein stor del av det økonomiske grunnlaget for Stiftelsen Preikestolen. Stiftinga investerer i stibygging og vedlikehald, informasjon, rydding og meir.

For å sikre ei god utvikling lokalt og regionalt, med best mulig ressursutnytting og ei effektiv drift, vil Odda setje i gang eit fireårig prosjektarbeid, «Totalpakke Reiseliv». Prosjektet skal resultere i ein eigna organisasjonsmodell for den samla reiselivsnæringa. Det hastar å komme i gang med presserande tiltak, og skal ein kunne oppfylle potensialet for ny vekst og verdiskaping knytt til reiselivssatsing i Odda, er det nødvendig å tenkje strategisk og langsiktig. Eit selskap med namnet Trolltunga Parkering er danna og kan være ein viktig framtidig utviklingsaktør og finansieringsinstans i vidare utviklingsarbeid.

Utfordringar knytt til besøkstala

Dei regionale tala for sommarsesongen for 2016 viser ei auke i hotellovernattingar i Hardanger på 15,2% i forhold til 2015-sesongen. Gjennomsnittleg auke i Noreg i same periode var 7%. Besøkstallene ligger altså til rette for vekst i reiselivsnæringa, mens andre element ikkje er tilstrekkelig på plass. Ei vesentleg brikke som manglar knytt til ei langsiktig løysing, er ei føreseieleg avtale mellom Statkraft og Odda kommune om veg og parkeringstilgang. Statkraft er eigar av anleggsvegen til Skjeggedal og parkeringsarealet på toppen, som dannar utgangspunktet for fotturistane til Trolltunga. Odda kommune manglar her ei avtale som kan gje ei langsiktig løysing, og det har så langt ikkje lukkast å få til ei slik

avtale med Statkraft. Behovet for å komme i gang med hastetiltaka gjer at ein ikkje kan vente til ei slik avtale er på plass før ein kjem i gang. Med «hastetiltak» meiner ein konkrete utbetringstiltak på sti, merking, informasjon til tilreisande og andre tiltak som kan redde liv og helse, samstundes som det er heilt nødvendig å komme i gang med tiltak som hindrar at gjestestraumen kjem i konflikt med lokalsamfunnet i Odda. Her blir logistikk i Odda sentrum, betre overnattingskapasitet (for å hindre camping der ein ynskjer å unngå dette) og tiltak som kan spreie trafikken både i areal og tid, sentrale tema.

Oddasamfunnet som vertskap kan bidra til at utviklinga får ein positiv effekt. Det er også særleg viktig at ikkje innbyggjarane sitt eigarforhold til natur og lokalsamfunn blir lidande, men at ein sikrar at utvikling skjer i tråd med lokale interesser og er berekraftig.

Avtale for parkering i Skjeggedal

Statkraft er grunneigar av vegen frå Tyssedal til Skjeggedal, og av arealet som blir nytta til parkering i Skjeggedal. Dei siste åra har Statkraft leigd ut parkeringsplassen til Trolltunga Active, ein turoperatør som tilbyr guida turar til Trolltunga og andre aktivitetar i området. Avtalane har vore årlege, og prisen har auka relativt kraftig i løpet av dei siste åra (kr 500.000 i 2016). Trolltunga Active ynskjer ikkje å ha rolla som avtalepart for området med Statkraft, då dette ligg utanfor deira kjerneoppgåver. Det er ynskjeleg at Odda kommune skal overta denne avtala, at avtala skal være langsiktig og at inntekta frå parkering skal gå til å forvalte området. I 2016 sette Odda kommune av 9 millionar kroner til utbetring og tryggingarbeide i fjellområdet. Statkraft ynskjer på si side at Odda kommune skal ta over vedlikehaldsansvar for vegen frå Tyssedal til Skjeggedal, dersom ei slik avtale for parkeringsplassen skal være aktuell. Statkraft brukar vegen til å drifte sine interesser i området, og Odda kommune ynskjer ikkje å ta over ansvaret for vedlikehald av vegen. Så langt har det ikkje lukkast å finne ei løysing som er tilfredsstillande for begge partar. Ved å utvide kapasiteten for parkering i nokon grad frå dagens 200 plassar, vil inntekta frå parkeringsplassen kunne nå 5 MNOK basert på forventa trafikk. Ei slik inntekt vil kunne danne økonomisk evne for eit utviklingsselskap til å både ta vare på naturressursane i området, tryggje situasjonen for fotturistar og bidra til heilskapleg utvikling av Odda som reisemål og som regionsenter. Det er vidare rimeleg at gjestane som kjem til Odda og Skjeggedal bidrar til finansiering av fellesgoda dei nyttar og berekraftig drift av området dei besøkjer.

Hordaland fylkeskommune si rolle som utviklingsaktør i regionen

Hardanger er ein viktig region i fylket, både som arbeids- og bustad og som merkevare nasjonalt og internasjonalt. Hordaland fylkeskommune har eit tett samarbeid med Reisemål Hardangerfjord, og reiselivsnæringa i resten av Hordaland samarbeider også tett med merkevara Hardanger. Næringsseksjonen er partner i Interreg prosjektet Ascent (Nordleg periferi og Arktis-programmet), i tett samarbeid med Odda kommune, DNT, Reisemål Hardangerfjord og andre aktørar på lokalt og nasjonalt nivå. Fylkesmannen i Hordaland er også i dialog med Odda kommune om området og når det gjeld behovet for ei avtale med Statkraft. Næringsseksjonen har tildelt Odda kommune midlar frå HNH til første år i prosjektet «Totalpakke Reiseliv». I søknaden ber Odda kommune om støtte i to år i første omgang, og varslar eit tredje år. I vurderinga om Hordaland fylkeskommune skal støtte arbeidet med midlar frå HNH i heile prosjektperioden, vil Odda si evne til å sjølv bidra inn i prosjektet vere avgjerande. Denne evna er avhengig av inntektene frå Trolltunga Parkering, og ei avklaring med ei avtale mellom Odda kommune og Statkraft vil derfor være førande for muligheita for utvikling. Hordaland fylkeskommune ser det som naturleg å støtte Odda kommune i å få på plass ei slik avtale.

Oppsummering

Fylkesrådmannen støttar utviklingsarbeidet i Odda for å optimere effekten av turisttrafikken til Trolltunga, med den føresetnaden at ei løysing blir funne slik at eit utviklingsselskap kan basere seg på inntektene som blir generert gjennom parkering og transport av gjestar til Skjeggedal.